

# Møtebok frå Nysæter sokneråd 14. april 2020

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 14.april 2020: elektronisk møte/ mail KI. 17.00-19.00
Møtestad:	Heime ved datamaskina

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

**Innkalla:** Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

**Alle representantane som har respondert ( 9 stk), er samde i AU sine framlegg til vedtak.**

## **SAKLISTE**

### **2020/15- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjent

### **2020 / 16-012.1: Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 28.01.20**

Godkjent

### **2020/17- 332: Konfirmantfest 1:**

#### **Saksutgreiing:**

Konfirmantfesten som skulle ha vore arrangert vår 2020 vart avlyst pga corona-epidemien. I samråd med staben på kyrkjekontoret, må soknerådet ta stilling til om konfirmantfesten skal flyttast til haust 2020. Dato må fastsetjast i samråd med stab.

**Vedtak:** Me planlegg å ha konfirmantfest i forkant av konfirmasjonen til hausten dersom retningslinjene frå staten slepp opp for det.

### **2020/18-332 : Konfirmantfest 2**

#### **Saksutgreiing:**

Soknerådet arrangerer kvart år konfirmantfest for konfirmantane med føresette. Ramma kring festen har vore kaker, brus, kaffi og underhaldning (Quiz, «Vil du bli konfirmert?» og ev musikkinnslag) og ord for kvelden. Soknerådet må gjere eit vedtak med tanke på om det skal arrangerast konfirmantfest for konfirmantkulla i denne soknerådsperioden – dvs. til og med vår 2023.

**Vedtak:** Soknerådet ynskjer å laga ein åregåande konfirmantfest i forkant av konfirmasjonen i inneverande soknerådsperiode.

### **2020/19-012: Strategiplan**

#### **Saksutgreiing:**

På soknerådsmøtet februar 2020 jobba soknerådet med strategiarbeid for denne soknerådsperioden. Ein strategiplan for soknerådet handlar om kva me som sokneråd ynskjer å ha fokus på og kva me vil jobba med i denne soknerådsperioden.

# Møtebok frå Nysæter sokneråd 14. april 2020

I vedlegget finn de eit dokument der me summerer opp det me jobba med i dette møtet. Dokumentet skal me vedta som vårt arbeidsdokument. Me må også velje eit punkt frå kvart arbeidsområde som skal vere ein handlingsplan for hausten 2020.

Dokumentet tek me opp til gjennomsyn og drøfting i starten av kvart kalenderår.

**Vedtak:** Soknerådet vedtek strategiplanen slik den vert lagt fram.

Desse punkta vert teken inn i handlingsplanen for hausten 2020:

**Trusopplæring:** Ungdom, MILK

**Kyrkjemusikk/Kultur:** Gudstenesteband, Ten Sing m/samarbeid med KRIK

**Medarbeidarfest:** vår 2021 i kyrkja sitt 30 årsjubileumsår

## **2020/20- 012.1:Plan for møte med dei tilsette:**

### **Saksutgreiing:**

Det er viktig at soknerådet går i takt med dei tilsette og det arbeidet dei til ei kvar tid held på med. For å få innblikk i arbeidskvardagen deira og få del i draumane og visjonane dei har for sitt arbeid, vil me i soknerådet kalle inn tilsette til soknerådsmøte - ein eller to om gongen.

**Vedtak:** Soknerådet kallar dei tilsette inn til møte etter følgjande plan.

**Haust:** Kyrkjemusikk(Bjarte Aadland) og trusopplæring (Elisabeth Fauskanger)

**Vår:** Trusopplæring /konfirmantane ( Brynhild Meyer Stautland)og Diakoni

På møtet skal den/ dei tilsette gje ei orientering om arbeidsoppgåvene dei gjer, og dela draumar og visjonar for arbeidet sitt.

## **2020/20- Betalingsterminal i Nysæter kyrkje**

I løpet av eit år vert det skipa til ulike former for arrangement. På nokre av arrangementa vert det teke inngangspengar. Ikkje alle kan betale med VIPS eller kontantar. Då er det praktisk med ein betalingsterminal der betalinga kan utførast med bankkort. Terminalen må vere enkel å bruka.

**Vedtak:** Soknarådet kjøper betalingsterminal og held seg innanfor gjeldande budsjetttrammer.

## **2020/22- 002.2: Medlemsskap i Sunnhordland prostiråd:**

Prostirådet v/Harald Rydland har arbeidd med å få eige organisasjonsnummer til Prostirådet. Organisasjonsnummer er viktig for å føra vidare arbeidet i prostirådet, jf. m.a. i forhold til bankkonti. Dette har ikkje lukkast.

Konklusjonen er å stifta ei foreining. Harald har kompetanse på dette og gjort eit godt arbeid med saka. Han seier: «Dette er ei formalisering av noko som har pågått og fungert fint i årevis.»

Sokna i Sunnhordland prosti, representert ved sokneråda, kan vera medlemer i foreininga. Sokna får høve til å meldt seg inn når foreininga er etablert. Kontingeneten vil vera låg.

Formalitetane er på plass, Sunnhordland Prostiråd er registrert med eige organisasjonsnummer.

Nå er det tid for sokneråda til å meldt sokna inn i foreininga, sjå vedtekten:

**§ 4 Medlemer:** Sokna i Sunnhordland prosti, representert ved sokneråda, kan vera medlemer i foreininga.

# Møtebok frå Nysæter sokneråd 14. april 2020

Takksam om de vil fylgja opp dette på komande soknerådsmøte og senda vedtaket om innmelding til [post@kyrkja-stord.no](mailto:post@kyrkja-stord.no)

Mvh

Svein Arne Theodorsen

Prost i Sunnhordland prosti

**Vedtak:** Me melder Nysæter sokneråd inn i Sunnhordland prostiråd.

## **2020/23- 411: Stolane i kyrkja**

Soknerådet har behov for ein stol-komit  som forebur innkj p av nye stolar i kyrkja.

**Vedtak:** Jens Arne Stautland og Karen Valvatne vert stolkomit  saman med Reidun Andersen. AU arbeider ut eit mandat til komit en.

- **Generell info:**

-Diakon Lisbeth Nyg rd har sagt opp stillinga si med verknad fr  1.7.2020

-Open kyrkje i p skehelga: Tilbod om open kyrkje i Nys ter skj rtorsdag 9.04 kl 17.00-20.00, langfredag 10.04, kl 10.00- 14.00 og p skedag 12.04, kl 10.00-14.00.

- **Gladmelding:** Sokner det fekk positivt svar p  s knaden til OVF med Kr 25 000,- i st tte.

Marit Stalheim Grimstad  
Sokner dsleiar  
Sign

Oddbj rg K. L kling  
Nestleiar /referent  
Sign

Neste m te i sokner det vert  
26.mai 2020 Truleg vert dette m tet  
og digitalt.